

UNIVERSITETET I OSLO

Det matematisk-naturvitenskapsfakultet

Eksamensnavn: KJM0200V – Organisk kjemi i naturfag

Eksamensdag: 2. juni 2017

Tid for eksamen: 11.00 – 15.00

Oppgåvesettet er på 3 sider pluss 2 vedlegg.

- Vedlegg 1: Fleirvalsoppgåver, s. 5 - 12
- Vedlegg 2: Periodesystemet, s. 13

Tillatte hjelpeemner:

- Godkjent kalkulator

Kontroller at oppgåvesettet er fullstendig før du byrjar å svare på spørsmåla.

Oppgave 1 teller 30 % av oppgåvesettet. Resten av oppgåvene teller likt.




Oppgave 1

30 fleirvalsoppgåver – Sjå vedlegg 1, kryss av og legg ved saman med resten av svara.

Oppgåve 2

- a) Teikn strukturformlar for sambindingane 1 – 3 og skriv systematisk namn for sambindingane 4 – 6.

1. propen
2. 3-etylpentan
3. 2-metylbutanal



- b) Til kva stoffgruppe høyrer kvar av sambindingane 1 - 6 frå oppgåve 2a?

Oppgåve 3

- a) I forsøket «Likt løyser likt» ser vi på korleis ulike sambindingar løyser seg i dei to løysemidla vavn og parafinolje. I kva av dei to løysemidla ventar du at kalsiumnitrat, sølvklorid, propan-2-ol og heksan løyser seg best? Grunngjев svara dine.
- b) Vi tenner på heksan og lèt det brenne med tilstrekkeleg tilgang på oksygen. Kva blir produkta i reaksjonen? Skriv balansert reaksjonslikning med tilstandssymbol.

Oppgåve 4

Når vi lagar sminkefjernar av vatn , etanol og parafinolje, blir det danna det to fasar som ikkje blandar seg, mens når vi lager hudkrem av vatn , parafinolje, stearinsyre, trietanolamin, glyserol og kokosfeitt, får vi tilsynelatande til å blande stoff som i utgangspunktet ikkje er blandbare. Forklar korleis dette er mogleg.

Oppgåve 5

Kompetansemål etter 10. årstrinn:

Elevane skal undersøke hydrokarbon, alkoholar, karboksylsyrer og karbohydratar, skildre stoffa og gi eksempel på framstillingsmåtar og bruksområde.

- a) Skisser eit elevforsøk som du meiner egnar seg godt til å arbeide med heile eller delar av dette kompetansemålet. Forklar kvifor du meiner at elevforsøket er godt egsna. Skildre og forkla kjemien som elevane kan lære av forsøket.
- b) Nemn nokre viktige eigenskapar for hydrokarbon. Gjer kort greie for kva du meiner du at elevane bør lære om hydrokarbonas bruksområde. Grunngi svaret ditt.

Oppgåve 6

Kompetansemål etter Vg 1:

Elevane skal gjennomføre enkle kjemiske påvisingar av næringsstoff i matvarer og gjere greie for observasjonane.

- a) Vaffelmiks kan du kjøpe i daglegvareforretningar. Det er ei tørrvare som ein blandar med vatn og smør for å få ferdig vaffelrøre.
Ingrediensar i vaffelmiks: kveitemjøl, sukker, egg, skumma mjølk, hevemiddel (dinatriumdifosfat, natriumhydrogenkarbonat), emulgator (e471), salt, fargestoff (betakaroten), aroma.
Nemn minst 4 ulike kjemiske påvisingsreaksjonar du kan gjennomføre på tørrvaren Vaffelmiks for å undersøke om den inneheld ulike næringsstoff. For kva testar ventar du positivt resultat? Grunngi svaret.
- b) Kva tryggingstiltak vil du sette i verk for kvar av de ulike testane du har nemnt i a)? Grunngi alle tryggingstiltaka du nemner.

Vedlegg 1 - kryss av og legg ved saman med resten av svara.

Kandidatnummer: _____

Eksamensdato og tid: 02.06.2017, kl 11.00 – 15.00

Oppgave 1 – 30 fleirvalsoppgaver


Kvart spørsmål har eitt rett svar. Om du kryssar av på meir enn eitt alternativ i eit spørsmål, får du 0 poeng for svaret.

1. Kva er rett om sambindinga?



- den er eit alkyn
- den er eit metta hydrokarbon
- den er eit ugreina hydrokarbon
- den har molekylformelen C_6H_{12}

2. kva heiter denne sambindinga?





- 2,4,4-trimetylpentan
- 2-metyl-4-etylpentan
- 2,2,4-trimetylpentan
- oktan

3. Ordne desse sambindingane etter aukande tal på H-atom i molekyla:

1. pentan
 2. sykloptantan
 3. pentyn
 4. 3,4-dimethylpent-2-en
- 1, 3, 4, 2
 - 4, 3, 1, 2
 - 3, 2, 1, 4
 - 3, 4, 2, 1

4. Kva er rett om sambindingane 1-8?



7




8

- 2 og 3 er isomere sambindingar
- det er teikna tre formlar for butan
- 3 og 7 er formlar for same sambinding
- 6 og 8 er formlar for same sambinding

5. Kva sambinding har fått FEIL namn?

- $\text{CH}_3\text{-CH}_2\text{-COOH}$ heiter propansyre
- $\text{CH}_3\text{-CH}_2\text{-CH}_2\text{-NH}_2$ heiter propan-1-amin
- $\text{CH}_3\text{-CH}_2\text{-CH(OH)-CH}_3$ heiter butan-3-ol
- $\text{CH}_3\text{-CH}_2\text{-COO-CH}_2\text{-CH}_3$ heiter etylpropanat

6. Kva heiter denne karboksylsyra?




- pentansyre
- butansyre
- 3-metylbutansyre
- 2-metylbutansyre

7. Nedanfor er gitt 4 par med organiske sambindingar. I kva par er sambindingane ikkje isomere?

- 2,2,4-trimetylheksan og nonan
- propanal og propanon
- etanol og etansyre
- but-2-en og but-1-en

8. Kva blir danna når denne esteren reagerer med vatn?



- etansyre og metanol
- metansyre og etanol
- etansyre og etanol
- metansyre og metanol


9. Når etanol, $\text{C}_2\text{H}_5\text{OH}$, løyser seg i vatn ...

- blir det danna det hydrogenbindingar mellom O-atomet i OH-gruppene i etanol og H-atoma i vassmolekyla
- blir det danna ionebinding mellom OH^- -ion i etanol og H_3O^+ -ion i vatn
- blir etanol- og vassmolekyl bundne til kvarandre med kovalente bindingar
- blir det danna ei løysing med formelen $\text{C}_2\text{H}_8\text{O}_2$

10. Ein leppepomade

- inneheld vatn og voks
- inneheld voks og feitt
- inneheld polare stoffer
- løyser seg i vatn

11. Kva utsegn om denne feittsyra er FEIL?




- ho er ei fleirumetta feittsyre
- ho er ei omega-6-feittsyre
- ernæringsfolk kallar ho C18:2
- ho har formelen C₁₇H₃₃COOH

12. Kva er rett om PVC-plast?

- polymeren blir danna ved kondensasjonsreaksjonar
- monomeren har det systematiske namnet kloretan
- på en kopartråd brenn polymeren med grøn flamme
- den er ein herdeplast

13. PP er en mykje brukt polymer. Tre formlar - 1, 2 og 3 - er vist. Kva utsegn er rett?




- 1 er monomeren
- 2 er den repeterande eininga
- monomeren heiter propan
- polymeren blir laga ved addisjonsreaksjonar

14. Kva er FEIL om de fire sambindingane:

1. $\text{NH}_2-\text{CH}_2-\text{COOH}$
2. $\text{NH}_2-\text{CH}(\text{CH}_2\text{S})-\text{COOH}$
3. $\text{NH}_2-\text{CH}_2-\text{CH}_2-\text{CH}_2-\text{COOH}$
4. $\text{NH}_2-\text{CH}(\text{CH}_2\text{COOH})-\text{COOH}$

- i aminosyre 2 har aminogruppa formelen NH_2- og "syregruppa" formelen $-\text{COOH}$
- alle sambindingane er aminosyrer i protein
- den spesielle R-gruppa i sambinding 1 har formelen $-\text{H}$, og i sambinding 4 har R formelen $-\text{CH}_2-\text{COOH}$
- aminosyre 2 er det mykje av i hårproteinet keratin

15. Her er ein ufullstendig ringformel for glukose.



Kva utsegn er FEIL?

- det er alfa-glukose som er skissert
- på kvar av C2, C3 og C4 er det eitt H-atom og éi $-\text{OH}$ -gruppe
- på C5 er det bunden ei $-\text{OH}$ -gruppe
- som open kjede har glukose aldehydgruppa på C1

16. Kva utsegn er rett om reaksjonen der glukose reduserar Fehlings eller Benedict's løysing?

- aldehydgruppa på C1 i den opne kjedeforma av glukose blir oksidert.
- den blåfarga løysninga med Cu^+ -ion blir omdanna til raudfarga «grums» av CuO .
- reaksjonen skjer på C6 i glukosemolekylet.
- alfa-glukose kan reagere med Fehlings og Benedict's løysinger, men det kan ikkje beta-glukose.

17. Fruktosemolekylet blir i naturfagbøker for ungdomsskolen ofte teikna som ein femkant, mens glukose blir teikna som ein sekskant. Korleis tolkar du det?

- det er fordi fruktose er ein pentose
- det er for å skilje fruktose grafisk frå glukose
- fruktose har 5 C-atom bundne til kvarandre i ein ring
- fruktose har ein annan molekylformel enn glukose

18. Kva utsegn om reaksjonen mellom jod og stivelse er rett?

- det er amylopektinet i stivelsen som reagerer med jodløysing
- jodløysingen inneholder berre vatn og jod (I_2)
- trijodidion passar inn i spiralen som amylosemolekylet dannar
- bindingane mellom glukoseringane i amylosen er $1\alpha \rightarrow 6$

19. Glukose blir dannar i kloroplastane i cellene i dei grøne plantenes blad. Kva skjer vidare med glukosen? Eitt utsegn er FEIL.

- glukose blir polymerisert og dannar cellulose i celleveggene og i egne fibervev (ved)
- glukose blir isomerisert og dannar fruktose, som med glukose dannar sukrose
- glukose blir transportert frå blada rundt i planten
- glukose blir polymerisert i røter og frukter, og det blir dannar stivelse

20. Kva utsegn om stivelse er rett?

- eit anna namn på stivelse er amylose
- det er mykje meir amylopektin enn amylose i stivelse
- alle bindingane i amylopektin er $\alpha 1 \rightarrow 4$
- amylopektin er ein uregelmessig polymer

21. Kva for ei av desse løysingane er klassifisert som etsande?

- 4 % natriumhydroksidløysing
- Benedict's løysing
- 7 % hydrogenperoksidløysing
- 1 % natriumkarbonatløysing

22. Kva utsegn er rett?

- alle mono- og disakkardar reduserer Benedict's løysing
- det er OH-gruppene i glukose som reagerer med Benedict's løysing
- laktose er eit disakkarid bygd opp av galaktose og glukose
- eit trisakkarid har molekulformelen $C_{18}H_{36}O_{18}$

23. Kva utsegn er FEIL om diglyserider?

- et diglyseridmolekyl blir danna av eitt glyserolmolekyl og to feittsyremolekyler
- diglyserid blir mykje brukt som emulgatorer i matvarer
- eit diglyseridmolekyl har ein polar ende med ei –OH-gruppe på glyseroldelen, og ein upolar ende med feittsyrerestane
- i eit diglyseridmolekyl er det alltid to like feittsyredelar

24. Kva er rett om aminosyrer?

- dei er upolare og løyser seg ikkje i vatn
- i den enkleste aminosyra er R-gruppa berre eit H-atom
- to aminosyrer reagerer til eit dipeptid i ein addisjonsreaksjon
- dei er væskeform i romtemperatur

25. Kva for eitt av desse næringsstoffa finst ikkje i melk?

- kasein
- gelatin
- albumin
- laktose

26. Kva er FEIL om C-vitamin, askorbinsyre?

- er ei karboksylsyre
- verkar som ein antioksidant og blir sjølv oksidert i reaksjonen
- på varefakta blir stoffet oppgitt som E 300
- det er ofte større konsentrasjon av C-vitamin i paprika enn i appelsin

27. Her er ei liste med 6 vitamin:

1. vitamin A, retinol
2. forløparen til vitamin A, β -karoten
3. vitamin B_9 , folsyre
4. vitamin B_1 , tiamin
5. vitamin D_3 , kolekasiferol
6. vitamin E, tokoferol

Endinga i namnet på eit vitamin fortel noko om den kjemiske oppbygginga. Kva utsegn om strukturformlane til vitaminene 1-6 stemmer IKKE?

- nr. 1, 5 og 6 har ei – OH-gruppe
- nr. 2 har (mange) dobbelbindingar
- nr. 3 har ei – CHO-gruppe
- nr. 4 har ei – NH₂-gruppe

28. Du har sølt konsentrert saltsyre på benken og vil nøytraliserer sølet. Då er det best å bruke ...

- fast natriumhydroksid
- 2 % natriumhydroksid-løysing
- fast natriumhydrogenkarbonat
- konsentrert ammoniakk

29. Kva påstand er rett om kjemikalie?

- kjemikalie er ei fellesnemning for stoff og stoffblandingar
- kjemikalie skal ha faremerking
- kjemikalie er stoffblandingar
- kjemikalie er ikkje naturlege stoff

30. Desse fire sambindingane har forskjellige kokepunkt:

1. C₃H₇COOH butansyre
2. C₄H₁₀ butan
3. C₄H₉OH 2-metylpropan-2-ol
4. C₄H₉OH butan-1-ol

Du kan ordne sambindingane i ei rekke etter aukande kokepunkt slik:

- 1, 2, 3, 4
- 2, 3, 4, 1
- 2, 4, 3, 1
- 2, 1, 3, 4

Vedlegg 2 - Periodesystemet

| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|----|--------------------------------------|---------------------------------------|----|--------------------------------------|--------------------------------------------|--------------------------------------|-----------------------------------------|---------------------------------------|---------------------------------------|-----------------------------------------|-------------------------------------------|-----------------------------------------|----------------------------------------|--------------------------------------|-------------------------------------------|---------------------------------------|-------------------------------------------|---------------------------------------|---------------------------------------|----------------------------------------|---------------------------------------|----------------------------------------|-----------------------------------------|--------------------------------------|------------------------------------------|---------------------------------------|-----------------------------------------|--|--|--|--|--|
| 1s | 1 | 2 | | | | | | | | | | | | | 1 | H 1.008 hydrogen | 13 | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 | 2 | He 4.003 helium | | | | | | | | |
| 2s | 3 Li 6.941 litium | 4 Be 9.012 beryllium | | | | | | | | | | | | | 2p | 5 B 10.81 bor | 6 C 12.01 karbon | 7 N 14.01 nitrogen | 8 O 16.00 oksygen | 9 F 19.00 fluor | 10 Ne 20.18 neon | | | | | | | | | | | |
| 3s | 11 Na 22.99 natrium | 12 Mg 24.31 magnesium | | | | | | | | | | | | | 3p | 13 Al 26.98 aluminium | 14 Si 28.09 silisium | 15 P 30.97 fosfor | 16 S 32.07 sovel | 17 Cl 35.45 klor | 18 Ar 39.95 argon | | | | | | | | | | | |
| 4s | 19 K 39.10 kalium | 20 Ca 40.08 kalsium | 3d | 21 Sc 44.96 scandium | 22 Ti 47.87 titan | 23 V 50.94 vanadium | 24 Cr 52.00 krom | 25 Mn 54.94 mangan | 26 Fe 55.85 jern | 27 Co 58.93 kobolt | 28 Ni 58.69 nikkel | 29 Cu 63.55 kobber | 30 Zn 65.41 sink | 4p | 31 Ga 69.72 gallium | 32 Ge 72.64 germanium | 33 As 74.92 arsen | 34 Se 78.96 selen | 35 Br 79.90 brom | 36 Kr 83.80 krypton | | | | | | | | | | | | |
| 5s | 37 Rb 85.47 rubidium | 38 Sr 87.62 strontium | 4d | 39 Y 88.91 yttrium | 40 Zr 91.22 zirkonium | 41 Nb 92.91 niob | 42 Mo 95.94 molybden | 43 Tc (98) technetium | 44 Ru 101.1 ruthenium | 45 Rh 102.9 rhodium | 46 Pd 106.4 palladium | 47 Ag 107.9 sølv | 48 Cd 112.4 kadmium | 49 In 114.8 indium | 50 Sn 118.7 tinn | 51 Sb 121.8 antimon | 52 Te 127.6 tellur | 53 I 126.9 jod | 54 Xe 131.3 xenon | | | | | | | | | | | | | |
| 6s | 55 Cs 132.9 cesium | 56 Ba 137.3 barium | 5d | 57-71 Lantanoidene | 72 Hf 178.5 hafnium | 73 Ta 180.9 tantal | 74 W 183.8 wolfram | 75 Re 186.2 rhenium | 76 Os 190.2 osmium | 77 Ir 192.2 iridium | 78 Pt 195.1 platina | 79 Au 197.0 gull | 80 Hg 200.6 kvikkølv | 81 Tl 204.4 thallium | 82 Pb 207.2 bly | 83 Bi 209.0 vismut | 84 Po (209) polonium | 85 At (210) astat | 86 Rn (222) radon | | | | | | | | | | | | | |
| 7s | 87 Fr (223) francium | 88 Ra (226) radium | 6d | 89-103 Aktinoidene | 104 Rf (261) rutherfordium | 105 Db (262) dubnium | 106 Sg (266) seaborgium | 107 Bh (264) bohrium | 108 Hs (277) hassium | 109 Mt (268) meitnerium | 110 Ds (281) darmstadtium | 111 Rg (272) røntgenium | 112 Uub (285) ununbium | 7p | 114 Uuq (289) ununkvadium | | 116 Uuh (292) ununheksium | | | | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | 4f | 57 La 138.9 lantan | 58 Ce 140.1 cerium | 59 Pr 140.9 praseodym | 60 Nd 144.2 neodym | 61 Pm (145) promethium | 62 Sm 150.4 samarium | 63 Eu 152.0 europium | 64 Gd 157.3 gadolinium | 65 Tb 158.9 terbium | 66 Dy 162.5 dysprosium | 67 Ho 164.9 holmium | 68 Er 167.3 erbium | 69 Tm 168.9 thulium | 70 Yb 173.0 ytterbium | 71 Lu 175.0 lutetium | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | 5f | 89 Ac (227) actinium | 90 Th 232.0 thorium | 91 Pa 231.0 protactinium | 92 U 238.0 uran | 93 Np (237) neptunium | 94 Pu (244) plutonium | 95 Am (243) americium | 96 Cm (247) curium | 97 Bk (247) berkelium | 98 Cf (251) berkelium | 99 Es (252) einsteinium | 100 Fm (257) fermium | 101 Md (258) mendelevium | 102 No (259) nobelium | 103 Lr (260) lawrencium | | | | | |